

### Åpning av det 144. Storting

President: K i r s t i K o l l e G r ø n d a h l

Mottatt av den dertil oppnevnte deputasjon innfant Hans Majestet Kongen, Hennes Majestet Dronningen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen *seg lørdag den 2. oktober kl. 13* i stortingsalen, ledsaget av Regjeringens medlemmer og en prosesjon av sivile og militære embetsmenn.

Forsamlingen sang første vers av «Kongesangen».

*Hans Majestet Kongens* tale til det 144. Storting ved dets åpning:

Ærede President, Folkets representanter.

Jeg hilser Stortinget velkommen til ansvarsfull gjerning og ønsker at den må bli til gagn for fedrelandet.

Regjeringen arbeider for en samfunnsutvikling preget av et solid verdifundament forankret i vår nasjonale og kristne kulturarv. Ved inngangen til et nytt årtusen står arbeidet for å bevare livsgrunnet på kloden, fred og menneskerettigheter og utjamning mellom verdens folk i første rekke.

Regjeringen arbeider for et *nyskapende, solidarisk og tryggere Norge*.

Et *nyskapende Norge* skal bidra til høy verdiskaping og velferd, og legge til rette for arbeid til alle. Pengepolitikken er rettet inn mot å holde kronen stabil overfor europeiske valutaer. Statsbudsjettet for 2000 skal bidra til en balansert utvikling i norsk økonomi med ytterligere reduksjon av det norske rentenivået.

For å bevare og utvikle konkurranseutsatt sektor må lønnsveksten framover ikke være høyere enn hos våre handelspartnere. Regjeringen legger vekt på ytterligere å styrke samarbeidet i arbeidslivet for å bevare den høye sysselsettingen.

Regjeringen vil foreslå endringer i boligsakten og merverdiavgiftssystemet, og vil også vurdere andre endringer i skattesystemet, med sikte på et mer effektivt skattesystem og sosial utjamning.

Regjeringen vil aktivt fremme norske interesser overfor Den europeiske union, på grunnlag av samarbeidsordningene med EU og den løpende utviklingen i det europeiske samarbeidet. Regjeringen vil selvstendig og aktivt vurdere nytt regelverk før beslutning om innlemmelse i EØS-avtalen.

Norge skal være en pådriver i arbeidet med de globale miljøutfordringene. En bærekraftig utvikling forutsetter at miljøhensyn blir integrert i politikken nasjonalt og lokalt. Gjennom omlegging til mer grønne skatter vil Regjeringen stimulere til mer miljøriktig bruk av ressursene. Allmennheten skal i større grad enn i dag få informasjon om produktenes miljøegenskaper.

I høst vil Regjeringen legge fram en stortingsmelding om miljøpolitikken og rikets miljøtilstand. Regjeringen vil satse på utvikling av nye, fornybare energikilder, og arbeide for å begrense veksten i forbruket av elektrisitet.

I en situasjon der olje- og gasssektoren gjennomgår store strukturendringer, vil Norge fortsatt forvalte petro-

leumsressursene i et langsiktig perspektiv. Regjeringen vil sikre en effektiv organisering av statens olje- og gassressurser, et godt forvaltningssystem og en gjennomgang av norsk kontinentalsokkels konkurransekraft.

Gjennom reformprogrammet Et enklere Norge vil Regjeringen bidra til forenkling av regelverk i hele forvaltningen og utvikling av brukervennlige tjenester til næringslivet, kommunene og folk flest.

Næringslivet skal sikres stabile og internasjonalt konkurransedyktige rammebetingelser. Regjeringen ønsker et langsiktig og balansert eierskap.

For å snu flyttestrømmen vil Regjeringen forsterke den distriktspolitiske satsingen. Et konkurransedyktig og kompetansebasert næringsliv, som videreutvikler lokale fortrinn, skal stimuleres.

*Et nyskapende Norge* trenger sterkere satsing på forskning. Den offentlige innsatsen skal økes bl.a. gjennom avkastningen av et fond for forskning og nyskaping. Særskilte tiltak som kan stimulere til mer forskning og utvikling i næringslivet, blir vurdert.

Regjeringen arbeider for å fremme en bærekraftig og helhetlig forvaltning av havets ressurser. Marin forskning er et hovedsatsingsområde. Det vil bli tilrettelagt for økt markedsorientering i fiskerinæringen og for fornyelse av en kapasitetstilpasset fiskeflåte.

For å sikre et livskraftig landbruk og mat av god kvalitet legger Regjeringen vekt på bærekraftig bruk av ressursene og at næringen sikres inntekt og sosiale forhold på linje med det øvrige samfunn. Næringsgrunnet for den samiske reindriften skal sikres, bl.a. ved å tilpasse reintallet til beiteressursene.

Utbygging og opprustning av transportårer og samferdselstilbud er et viktig næringspolitisk og distriktspolitisk virkemiddel, og har stor betydning for trafikkavvikling og miljø i sentrale strøk. Regjeringen vil legge fram en nasjonal transportplan der en for første gang ser de ulike transportformer i sammenheng.

Hele landet skal sikres tilgang til grunnleggende tele-tjenester av høy kvalitet til lavest mulig pris. Virksom konkurranse i telesektoren er ett bidrag til dette.

Regjeringen vil arbeide for en likeverdig opplæring, og styrke arbeidet for kvalitetsutvikling i norsk skole. Det vil bli satset sterkere på forsøks- og utviklingsarbeid i grunnskolen, med spesiell vekt på ungdomsskolen og i videregående opplæring. Innsatsen skal rettes mot informasjons- og kommunikasjonsteknologi, kompetanseutvikling og utvikling av en ny lærerrolle.

Kapasiteten i de ulike studier skal dimensjoneres slik at arbeidslivets behov for personell med høyere utdanning blir ivaretatt. Samtidig skal flest mulig av de utdannings-søkende få et tilbud i samsvar med egne ønsker. Universiteter og høyskoler skal få nødvendig frihet til å kunne imøtekomme krav og forventninger de stilles overfor.

En handlingsplan for etter- og videreutdanning vil bli ferdigstilt i samråd med partene i arbeidslivet. Et system for dokumentasjon av voksnes realkompetanse skal utvikles. Støtteordninger der bedrifter og utdanningsinstitusjoner samarbeider om utvikling av tilpassede tilbud for voksne arbeidstakere blir innført.

Informasjonsteknologi skal utnyttes til å skape en åpen, tilgjengelig og effektiv forvaltning. Ved hjelp av offentlige informasjonstjenester på Internett skal publikum, næringsliv og forvaltning få tilgang til informasjon og tjenester.

Regjeringen vil fremme forslag om en helhetlig revisjon av likestillingsloven, og ønsker å utvide bestemmelsen om kvinnerepresentasjon i styrever, råd og utvalg.

*Et solidarisk Norge* betyr engasjement for bedre fordeling, rettferdighet og menneskerettigheter – både her i landet og internasjonalt. Regjeringen vil forsterke arbeidet med utjamning av levekår.

Utenriks- og sikkerhetspolitikken skal trygge norsk frihet og selvstendighet, fremme norske interesser og bidra til å fremme fred og demokrati globalt. Regjeringen legger stor vekt på å styrke De forente nasjoner og vil bidra til FNs arbeid for internasjonal fred og utvikling.

Norge vil delta aktivt i de kommende WTO-forhandlingene. Også de fattige land må få utnytte mulighetene ved en mer åpen verdensøkonomi.

Regjeringen støtter bestrebelsene på å styrke europeisk evne til krisehåndtering og arbeider for å trygge og videreutvikle gode transatlantiske forbindelser, ikke minst gjennom NATO-samarbeidet.

Det blir lagt vekt på å videreutvikle samarbeidet med Russland, bilateralt så vel som gjennom regionale samarbeidsordninger og internasjonale organisasjoner. Norge vil delta aktivt i ledertrioikaen i Organisasjonen for sikkerhet og samarbeid i Europa.

Vårt humanitære og politiske engasjementet for fred og gjenoppbygging på Balkan vil bli videreført, også gjennom deltakelse i den fredsbevarende styrken i Kosovo.

Regjeringen øker innsatsen for å bekjempe fattigdom og intensiverer arbeidet for sterkere bistandskoordinering internasjonalt. Støtten til demokratisk utvikling og kamp mot korrupsjon økes.

En *solidarisk* flyktningpolitikk skal sikre at mennesker på flukt får beskyttelse. Regjeringen vil bekjempe rasisme og diskriminering. Det vil bli etablert en uavhengig nemnd som klageinstans i saker etter utlendingsloven.

Regjeringen vil arbeide for å bedre funksjonshemmedes levekår og virkemidler som fremmer målet om full deltakelse og likestilling for funksjonshemmede.

Regjeringen vil gjennomgå Norges forpliktelser overfor nasjonale minoriteter og drøfte hvordan vi kan sikre disse gruppene like vilkår for samfunnsdeltagelse og bevaring av språk og kultur. Sametinget skal gis større innflytelse i saker som er av spesiell interesse for den samiske befolkningen.

Raske forandringer og oppløsningstendenser i samfunnet krever *et tryggere Norge*.

Et sterkt norsk forsvar med evne til å bidra til internasjonale fredsoperasjoner er en grunnpilar i Regjeringens sikkerhetspolitikk. Anskaffelsene av nye fregatter og kampfly skal bidra til at Norge opprettholder et troverdig forsvar.

Regjeringen vil forsterke innsatsen for å forebygge og bekjempe organisert kriminalitet, volds- og vinningsfor-

brytelser. Et eget politidirektorat vil bli foreslått opprettet. Regjeringen vil legge til rette for raskere rettspleie.

For å forebygge mulige dataproblemer ved overgangen til år 2000 forberedes nødvendige tiltak.

Kommunene og fylkeskommunene skal, gjennom sine inntekter, gis mulighet til å tilby grunnleggende velferdstjenester. Det kommunale sjølstyret skal utvides. Regjeringen vil stimulere til utvidet bruk av interkommunalt samarbeid framfor kommunesammenslåinger.

Barnetrygden vil bli foreslått utvidet til 18 år. Regjeringen satser på fortsatt utbygging av barnehager, og vil legge fram en stortingsmelding med strategier for full behovsdekning og fortsatt kvalitetsutvikling i barnehagene. Det vil bli foreslått å innføre selvstendig rett til fødselspenger for fedre.

Regjeringen vil trappe opp innsatsen for å sikre allmennhetens adgang til strandsonen.

Finansiering av rimelige boliger gjennom Husbanken skal gis økt prioritet, og byggesaksbehandlingen skal forenkles.

Regjeringen vil legge til rette for et aktivt kulturliv med opplevelse og deltakelse som mål. Regjeringen vil arbeide for å styrke det lokale, frivillige organisasjonsliv, med særlig vekt på å sikre aktivitetsgrunnet for barn og unge i deres nærmiljø.

Satsingene innen psykisk helse, kreftomsorg, utstyr i sykehus og handlingsplanen for eldre vil bli fulgt opp, slik at målene kan nås som forutsatt av Stortinget. Det vil bli lagt fram et lovforslag som vil åpne for større grad av fristilling av sykehus. Regjeringen vil ta initiativ til en bred drøfting av verdigrunnet i helse- og omsorgstjenesten.

Alle innvandrere skal sikres muligheter til norskundervisning og kvalifisering for arbeidslivet. Innvandrerkvinnenes situasjon skal vies særlig oppmerksomhet.

Den norske kirke skal ha frihet og ressurser til å være en bekjennende, misjonerende og diakonalt arbeidende folkekirke. Trossamfunn utenfor Den norske kirke skal gis gode arbeidsvilkår.

Jeg ber Gud velsigne Stortingets gjerning, og erklærer Norges 144. Storting for åpnet.

*Melding frå Kongen til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding*, lesen av statsråd Odd Roger Enoksen.

I samsvar med Grunnlova gjev Kongen denne meldinga til Stortinget om Noregs tilstand og styring i tida etter siste melding.

Ei meir rettferdig fordeling mellom rike og fattige land er eit sentralt mål for Regjeringa. Noreg auka utviklingshjelpa i fjor til 10 milliardar kr. I den samanheng vart det lagt vekt på utdanning og fred, menneskerettar og demokrati som viktige formål.

Sidan årsskiftet har Noreg hatt formannskapet i Organisasjonen for tryggheit og samarbeid i Europa (OSSE). Utviklinga på Balkan, og spesielt i Kosovo, har stått sentralt. Noreg har gjeve omfattande humanitær bistand til dei mange flyktningane frå Kosovo. På åtte veker tok Noreg imot 6 000 flyktningar frå Kosovo. Den store vel-

viljen og dugnadsånd som vart vist frå mange hald, gjorde sitt til at desse store oppgåvene vart løyste på ein god måte.

Den nordatlantiske forsvarsalliansen (NATO) vedtok å bruke makt for å stanse den aukande serbiske valdsbruket mot den etnisk-albanske sivilbefolkninga i Kosovo-konflikten. Kombinasjonen av makt og diplomati var avgjerande for å få eit gjennombrott i arbeidet med å komme fram til ei politisk løysing. Noreg deltok med seks F-16-fly og over 200 personar i luftkampanjen til NATO.

Noreg har vidare teke aktivt del i arbeidet med å tilpasse NATO til den nye tryggingpolitiske situasjonen i Europa. NATO-toppmøtet i Washington i april godkjende det nye strategiske konseptet til alliansen. Polen, Ungarn og Tsjekkia vart tekne opp som medlemmer i NATO i mars 1999.

Regjeringa har i lys av denne tryggingpolitiske utviklinga m.a. oppnemnt eit forsvarspolitisk utval som skal vurdere oppgåvene og ambisjonsnivået til Forsvaret i framtida.

I mai besøkte statsministeren Russland. Besøket medverka til å styrkje det positive tosidede forholdet mellom Russland og Noreg.

Noreg, Russland og Island inngjekk i vår ei avtale som gjer slutt på det uregulerte islandske torskefisket i Smottholet i Barentshavet. Regjeringa legg til grunn at dette vil føre til ordna forhold for fiskeria i nordområda.

Regjeringa la i vår fram ein stortingsproposisjon om avtala med EU vedrørende institusjonelle løysingar for tilknytning til Schengensamarbeidet etter at det vart integrert i EU. Arbeidet med ei eiga stortingsmelding om norsk europapolitikk er også sett i gang.

Den økonomiske utviklinga i Noreg har vore god i tida etter siste melding. Kronekursen har sidan årsskiftet styrkt seg klart i høve til euro. Valutakursen var i midten av september om lag 3 pst. sterkare enn gjennomsnittet for 1998. Dette må ein m.a. sjå i lys av rentedifferansen til euroområdet, gjennomføringa av inntektsoppgjera, auken i oljeprisen, svekkinga av kursen på euro mot amerikanske dollar og auka tillit til ei stabil utvikling for norsk økonomi.

På den andre sida vart verdien av olje- og gasseksporten i fjor redusert med 28 pst., først og fremst fordi oljeprisen gjekk sterkt ned. Dei sju første månadene i år har verdien av olje- og gasseksporten auka med 1,7 pst. i høve til det same tidsrommet i fjor.

Som ledd i arbeidet med inntektsoppgjera i 1999 vart det halde ein inntektspolitisk konferanse i desember 1998 med deltakarar frå Kontaktutvalet. Det vart seinare sett ned eit hurtigarbeidande utval som førebudde oppgjera i 1999.

Det er gledeleg at yrkesdeltakinga no er på det høgaste nivået som nokon gong er målt. Dei to siste åra har sysselsetjinga auka med om lag 70 000 personar. Talet på arbeidsledige gjekk ned i same perioden, men sidan i sommar har det auka noko i høve til same månaden året før.

Også folkemengda i Noreg har auka det siste året trass i at det vart født færre barn enn dei to føregåande åra. Venta levealder var i 1998 om lag som året før både for kvinner og menn.

Regjeringa har auka den distriktspolitiske innsatsen med hovudvekt på personretta tiltak og utvikling av eit kunnskapsbasert næringsliv. Vi finn det derfor gledeleg at nettoutflyttinga frå dei nordlegaste fylka var noko mindre i fjor enn i 1997.

For 1999 reknar ein med ein reell auke i inntektene i kommunesektoren på om lag 2 pst. Aktivitetsveksten har vore spesielt stor innanfor helse- og eldreomsorga. Det har stilt kommunane overfor store utfordringar når det gjeld omstilling og økonomistyring.

I mai la Regjeringa fram stortingsmeldinga om elektronisk handel og forretningsdrift med sikte på å styrkje konkurransevna for norsk næringsliv og ivareta personvern og forbrukarvern. Regjeringa har også styrkt satsinga på IT i regionane og har lagt vekt på dette også i arbeidet med å leggje til rette for eit IT- og kunnskapscenter på Fornebu. Å forebygge moglege vanskar i samfunnet på grunn av eventuell datasvikt ved overgangen til år 2000 har dessutan vore prioritert i perioden.

Innanfor landbrukssektoren har Regjeringa sett i gang arbeidet med den varsla stortingsmeldinga om landbrukspolitikken.

Regjeringa har sett i gang programmet Eit enklare Noreg med sikte på å skape ei enklare statsforvaltning, eit enklare regelverk og gjere det enklare for kommunesektoren å bruke ressursar på tenesteyting framfor administrasjon og rapportering.

I juli la Regjeringa fram ein handlingsplan for å få slutt på bruken av helse- og miljøfarlege kjemikalier. Dei farlegaste kjemikaliane skal fjernast, næringslivet må ta større ansvar for sin eigen kjemikaliebruk og tilgangen på informasjon om stoffa skal bli betre.

Regjeringa har vidare lagt fram ei stortingsmelding om fordeling av inntekt og levekår i Noreg frå 1986 og utover i 1990-åra – den såkalla levekårsmeldinga. Her har vi gjort framlegg om tiltak for å oppnå ei betre fordeling.

I sjukehussektoren har kapasiteten og talet på behandla pasientar auka. Ved utgangen av april var det registrert om lag 5 000 brott på ventelistegarantien, mot om lag 12 000 ved årsskiftet. Stortinget vedtok dessutan i den førre sesjonen lov om pasientrettar, lov om helsepersonell, lov om spesialisthelsetenester, lov om erstatning for pasientskadar og lov om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern.

Ved årsskiftet hadde 61 pst. av alle barn i førskolealder plass i barnehage. Kontantstøtta vart frå årsskiftet utvida til å omfatte 2-åringar. Frå august vart satsane for barnehagetilskottet og for kontantstøtta harmoniserte slik at foreldra kan stå friare med omsyn til val av omsorgsform for barna.

Innan utdanningssektoren har Regjeringa lagt fram ei stortingsmelding om einskapsskolen, det likeverdige opplæringstilbodet og ein nasjonal strategi for vurdering og kvalitetsutvikling i grunnskolen og den vidaregåande opplæringa.

Prinsippa for dimensjonering av høgare utdanning vart lagde fram for Stortinget i vår med utgangspunkt i at universiteta og høgskolane må setjast i stand til å tilpasse seg endringar.

Regjeringa la i juni fram ei stortingsmelding om forskning der ho set som hovudmål at forskingsinnsatsen i Noreg skal styrkjast. Det vart samstundes oppretta eit forskingsfond på 3 milliardar kr for å auke den offentlege langsiktige finansieringa av forskning.

Stortingsvedtaket i vår om å byggje nytt operahus i Bjørvika var ei viktig kulturpolitisk hending ved avslutninga av dette hundreåret.

Regjeringa har begynt å gjennomføre planen for å lette gjeldsbøra til dei fattigaste landa og har skunda på dette arbeidet også internasjonalt.

Den første årsmeldinga om Noregs arbeid for menneskerettar vart lagd fram i desember i fjor. At menneskerettslova av 21. mai 1999 vart vedteken, var eit viktig steg i arbeidet for å styrkje stillinga for menneskerettane i Noreg. Som nyvald medlem av FNs menneskerettskomisjon tok Noreg aktivt del i kommisjonsarbeidet i vårsesjonen.

Regjeringa har ført vidare si støtte til to mellombels straffedomstolar for Rwanda og det tidlegare Jugoslavia, som ein ser som viktige bidrag til langsiktig fred og forsoning i området rundt dei store innsjøane i Afrika og på Balkan. Noreg har vidare teke del i forhandlingane i FN-regi for å førebu etableringa av den permanente internasjonale straffedomstolen, og det er sett i gang førebuingar med sikte på ratifikasjon av domstolsvedtektene.

Innanfor ILO ferdigforhandla ein i juni 1999 ein konvensjon som forbyr dei verste formene for barnearbeid. Konvensjonen er eit viktig verkemiddel i kampen mot barnearbeid.

Humanitær bistand til offer for konflikter og naturkatastrofar utgjer ein stadig større del av den samla bistanden Noreg yter. Dei viktigaste innsatsområda hittil i år har vore Kosovo, Sentral-Afrika, Afrikas Horn, Midtausten og Afghanistan.

Regjeringa la i januar fram ein strategi for den vidare humanitære innsatsen. Eit sentralt element i strategien er at den humanitære bistanden skal sjåast i samanheng med annan innsats for fred, menneskerettar og utvikling, slik at kortsiktige og langsiktige tiltak i større grad utgjer integrerte delar av den samla bistanden.

I vinter vart ein strategi for næringsutvikling i sør presentert, og i mai vart grunnlaget for eit reorganisert fredskorps lagt fram.

Konvensjonen om forbod mot og øydelegging av anti-personellminer tok til å gjelde 1. mars 1999. Noreg deltok i det første statspartsmøtet, som vart halde i Mosambik i mai 1999. Regjeringa tek sikte på å bruke nærare ein milliard kr over fem år til globale minetiltak.

Noreg overtok i juni formannskapet i Austersjøområdet. Satsingsområda i formannskapsperioden er demokratiutvikling, energisamarbeid, økonomisk samarbeid og sivil tryggleik.

Regjeringa har lagt stor vekt på å få reforhandla avtala om konvensjonell nedrusting i Europa, CFE. Noreg ratifiserte avtala om stans i atomprøvesprengningar (CTBT) i august 1999.

Stortinget har slutta seg til veterinæravtala mellom EFTA/EØS-landa og EU og at Noreg tek del i legemiddelsamarbeidet i EU. Noreg deltek frå i år i det 5. ram-

meprogrammet for forskning i EU. EFTA/EØS-landa og EU er vidare vortne samde om ei økonomisk ramme på om lag 1 milliard kr over fem år for ei ny låne- og tilskottsordning under EØS-avtala.

Regjeringa har gjennomført ei omfattande kartlegging av norske interesser for å førebu den kommande forhandlingsrunden i Verds handelsorganisasjonen (WTO). Noreg har under førebuingane i Genève sett fram konkrete forslag knytte til forhandlingane om toll for industriprodukt og fisk, handel og miljø, landbruk og tenester.

Arbeidet med å presentere Noreg i utlandet gjennom presse-, kultur- og informasjonstiltak og med å informere om norsk utanriks-, utviklings- og menneskerettspolitikkk har vore høgt prioritert.

På det fjerde partsmøtet under Klimakonvensjonen vart det vedteke ein toårig handlingsplan som skal sikre at vedtaka i konvensjonen blir følgde opp, og at Kyoto-protokollen blir konkretisert og sett ut i livet med særleg vekt på dei fleksible gjennomføringsmekanismane.

I mars hadde Noreg statsbesøk frå Sør-Afrika og frå Ungarn, og i september vitja det norske kongeparet Romania.

Driftsbalansen overfor utlandet viste eit overskott på 6,3 milliardar kr i første halvår i år, mot eit overskott på 6,8 milliardar kr på same tid i fjor. Import og eksport av tradisjonelle varer gjekk kvar for seg ned med 5,3 pst. og 2,1 pst. dei sju første månadene i år samanlikna med den same perioden i fjor. Handelsbalansen overfor utlandet for Fastlands-Noreg viste dermed eit underskott på om lag 41 milliardar kr etter dei sju første månadene i år, mot om lag 47 milliardar kr i fjor. Noregs nettofordringar overfor utlandet gjekk i første halvår ned med 8,3 milliardar kr og blir rekna til om lag 87 milliardar kr.

I første halvår i fjor kjøpte Noregs Bank valuta til petroleumsfondet og petroleumsforsikringsfondet for til saman 24,6 milliardar kr. På den andre sida vart det for å støtte den norske krona selt valuta tilsvarande vel 35,5 milliardar kr i andre halvår, slik at Noregs Bank for året sett under eitt netto selde valuta for 10,9 milliardar kr. Fram til midten av september i år har Noregs Bank kjøpt valuta for meir enn 3,5 milliardar kr. Alt dette er kjøp til petroleumsfondet og petroleumsforsikringsfondet. Ved utgangen av første halvår i år var marknadsv verdien av investeringane til petroleumsfondet 182,7 milliardar kr.

Verdien av olje- og gasseksporten var 118,3 milliardar kr i 1998. Det er 27,7 pst. lågare enn året før, noko som i første rekkje skuldast lågare råoljeprisar, men også eit noko mindre eksportkvantum av råolje. Dei sju første månadene i år har verdien av olje- og gasseksporten auka med 1,7 pst. i høve til det tilsvarande tidsrommet i 1998. Dei sju første månadene i år var eksportprisen på råolje 107 kr pr. fat i gjennomsnitt. Det er 10,3 pst. høgare enn dei sju første månadene i fjor.

Eksporten av fisk og fiskeprodukt er i stadig vekst. I 1998 vart det eksportert fisk for 27,8 milliardar kr, og av dette stod havbruksnæringa for nesten 10 milliardar. Det tilsvarer eit samla kvantum på 1,9 mill. tonn.

Noreg har i internasjonale organisasjonar og forvaltningsregime arbeidd aktivt for ei berekraftig utnytting og

forvaltning av ressursane i havet. Kontrollsamarbeidet med EU er styrkt det siste året. Vi har no særskilde kontrollavtaler med dei fleste landa rundt Nordsjøen. Noreg var i juni i år vertskap for det fjerde nordatlantiske fiskeriministtermøtet, og Noreg arrangerte også i juni i år eit symposium om forvaltningsstrategiar for fiskebestandane i Barentshavet. Det var det åttande felles norsk-russiske symposiet om fiskeriforskning. Denne gongen deltok også representantar frå forvaltninga og næringa.

I juni presenterte Regjeringa ei stortingsmelding om tilpassing av Forsvaret til deltaking i internasjonale operasjonar. Meldinga tek m.a. til orde for å ta vare på dei tryggingpolitiske målsetjingane våre ved å etablere eit sett av styrkar til bruk i utlandet som også skal inngå som eit sentralt element av det nasjonale forsvaret.

Det trygging- og forsvarspolitiske samarbeidet med landa i den nordisk-baltiske regionen er ført vidare, og Noreg har teke del i utviklinga av forsvarsstrukturen i dei baltiske landa. Det er vedteke ein ny årleg tiltaksplan for det forsvarsrelaterte samarbeidet mellom Noreg og Russland.

Forsvaret står overfor omfattande investeringar i nytt materiell. Kjøp av nye fregattar og kampfly er viktige bidrag til at Noreg held oppe eit truverdig forsvar med evne til å tryggje norsk suverenitet og til å møte framtidige tryggingpolitiske utfordringar.

Regjeringa har sett ned eit offentleg utval som skal greie ut kor sårbart samfunnet vårt er, og medverke til å fornye og utvikle trygging- og beredskapsarbeidet for å møte nye truslar i vår tid i fred, kriser og krig. Utvalet skal innan sommaren 2000 komme med framlegg til tiltak for å sikre sivilbefolkninga og samfunnskritiske tenester.

Nærare 37 000 personar flytte til Noreg i 1998, medan snautt 23 000 flytte ut av landet. Innflyttingsoverskottet var dermed 14 000 personar, ein auke på 3 000 personar frå året før.

Ved årsskiftet budde det 165 000 utanlandske statsborgarar i landet. Dei utgjorde 3,7 pst. av befolkninga. I alt 9 000 personar fekk norsk statsborgarskap i 1998, som er noko færre enn dei to føregåande åra. Den registrerte arbeidsloysa blant førstegenerasjonsinnvandraran utgjorde 6,3 pst. ved utgangen av mai i år.

Internasjonalt har Noreg teke aktivt del i å forhandle fram to regionale avtaler om mindre bruk av miljøgifter. Vidare har Noreg forhandla seg fram til å føre vidare unntak frå EU-regelverket på enkelte område der vi framleis har strengare nasjonale føresegner.

Ei prosjektgruppe nedsett av Nordisk Ministerråd har utarbeidd ein nordisk handlingsplan for natur- og kulturmiljøvern på Grønland, Island og Svalbard. Planen vart drøfta av dei nordiske miljøvernministrane på eit ministermøte på Island i august.

Noreg har vidareutvikla samarbeidet på miljøområdet med både Kina, Indonesia og Sør-Afrika i perioden.

Regjeringa arbeider for å betre miljø- og arbeidsmiljøtilhøva ved skipsoppbygging i u-land. Noreg har teke opp spørsmålet i FN's skipsfartsorganisasjon, IMO, og er bede om å leggje fram ein plan for det vidare arbeidet.

Ein nasjonal beredskapsplan for eit verdsomfattande (pandemisk) utbrott av influensa er utarbeidd. Regjeringa legg her til rette for ein rask og samordna reaksjon når det er fare for at ein influensaepidemi kan utvikle seg.

Konsumprisindeksen auka med 1,9 pst. frå august 1998 til august 1999. Den gjennomsnittlege veksten i konsumprisindeksen dei åtte første månadene i år var 2,2 pst. i høve til tilsvarende periode i fjor.

Produksjonen av elektrisk kraft var i fjor 117 TWh, som er 4,5 pst. meir enn året før. Frå 1997 til 1998 auka brutto innanlandsk forbruk med 4,0 pst. til 120,6 TWh. Importoverskottet var 3,6 TWh i 1998 mot 3,8 TWh året før.

Regjeringa la fram ei stortingsmelding om energipolitikken i april 1999. Meldinga legg opp til ei omlegging av energiforbruk og energiproduksjon. Det blir lagt vekt på å få ned veksten i forbruket av energi, særleg elektrisitet, og å auke bruken av nye, fornybare energikjelder.

Produksjonen av olje, gass og NGL på den norske kontinentalsokkelen i 1998 var 223 mill. Sm<sup>3</sup> oljeekvivalentar, mot 229 mill. Sm<sup>3</sup> i 1997. Produksjonen av råolje medrekna NGL og kondensat viste ein nedgang på 3 pst., og produksjonen av naturgass viste ein oppgang på 2 pst. Dei sju første månadene av 1999 var produksjonen 129 mill. Sm<sup>3</sup> oljeekvivalentar, ein nedgang på 2,9 pst. i høve til same periode i fjor.

Investeringskostnadene i oljeverksemda var i fjor 82 milliardar kr. Det er 31 pst. høgare enn året før og det høgaste nivået som nokon gong er registrert. Auken skuldast i hovudsak svært høge investeringar i feltutbygging i tillegg til eit høgt aktivitetsnivå på felt i drift og på terminalar.

Det er vedteke ein handlingsplan for perioden 1999–2001 om Elektronisk forvaltning – Tverrsektoriell IT-utvikling i statsforvaltninga. Planen skal medverke til betre og meir heilskapleg bruk av IT for å nå måla om ei brukarorientert, open og effektiv forvaltning.

Stortinget gav våren 1999 brei tilslutning til den heilskaplege næringspolitiske strategien til Regjeringa.

For å fremje nyskaping og betre vilkåra for små bedrifter la Regjeringa i oktober 1998 fram ein handlingsplan for små bedrifter. Planen tek aktivt tak i mange av dei forholda som påverkar etablering og omstilling i næringslivet med hovudvekt på tiltak som skal redusere skjemaveldet.

Verkemiddelapparatet retta mot norske bedrifter er betra gjennom omorganisering av Norges Industriattachéer og gjennom samarbeidsavtaler mellom Norges Eksportråd, Statens nærings- og distriktsutviklingsfond og Noregs forskingsråd.

Svalbard Satellittstasjon vart sett i drift hausten 1998. Stasjonen skal brukast til datanedlesing og styring av satellittar som går i polare banar, og han har sidan april betent den første satellitten, som NASA eig.

Trass i at skipsfarten slit med dårlege marknader, har talet på norskregistrerte skip over 100 bruttotonn auka med 2,5 pst. i 1998. Det har vore ein auke i talet på norske sjøfolk som er tilsette på skip registrerte i Norsk Internasjonalt Skipsregister, frå 1997 til 1998 på 18 pst. Talet

på sjøfolk som er tilsette på skip registrerte i Norsk Ordinnært Skipsregister, har auka med 9 pst. frå 1997 til 1998.

Skipsfarten er viktig også for transportarbeid i Noreg. Sjøtransporten utgjorde 23 pst. av den samla innanlandske godstransporten i 1998.

Stortinget vedtok våren 1999 ny lov om offentlege innkjøp. Den nye lova saman med ny forskrift vil gje eit enklare regelverk og føre til større effektivitet og mindre kostnader. Offentlege innkjøp utgjorde i 1997 om lag 205 milliardar kr.

EFTA-domstolen avgjorde i mai 1999 at den norske ordninga med geografisk differensiert arbeidsgjevaravgift inneheld statsstøtte ifølgje EØS-avtala. ESA-vedtaket om endringar i ordninga med differensiert arbeidsgjevaravgift blir følgt opp.

Talet på gjestedøgn ved hotell og andre overnattingsstader auka i 1998 med 4 pst. Av denne auken stod utanlandske gjester for om lag ein tredel. Dei fem første månadene i 1999 har utanlandske gjestedøgn auka med 5 pst. Dei totale reisevalutainntektene var i 1998 om lag 16,7 milliardar kr, om lag 6 pst. høgare enn i 1997.

I fjor utgjorde innanlands persontransport 60 milliardar personkilometer, noko som er ein auke på 1,1 pst. frå 1997. Personbilen stod for om lag 77 pst. av persontrafikken. Den samla godstransporten var i fjor 41,6 milliardar tonnkilometer, og av dette gjekk 28,5 pst. på veg. Auken frå 1997 var på 6,7 pst. Innanlands vegtrafikkarbeid var i fjor 33,2 milliardar kjøretøykilometer, som er ein auke på 3,2 pst. frå 1997. Investeringane i riksvegane var på 6 420 mill. kr medrekna bompengar. Landet fekk 104 km nye riksvegar.

Salet av nye og bruktimporterte bilar gjekk i fjor ned med 7,5 pst. Ved utgangen av 1998 var det registrert 2,21 mill. bilar i Noreg, noko som utgjør ein auke på 2 pst. frå året før.

I 1998 vart 12 454 personar skadde eller drepne i vegtrafikken, og av desse vart 352 drepne. Det er 49 fleire drepne enn i 1997. I alt omkom 8 personar i luftfartsulykker. Ingen reisande med jernbanen eller tilsette i Jernbanelverket omkom som følgje av jernbaneulykker i 1998. I samband med verksemda i NSB BA omkom 7 personar som følgje av ulykker på planovergangar eller ved sporet.

Transportmengda på det offentlege jernbanenettet, utanom Gardermobanen, målt i tonn- og personkilometer, var om lag uendra i 1998 samanlikna med 1997.

Flytrafikken, målt i talet på passasjerar innanriks og utanriks, viste i 1998 ein auke på 5 pst. frå 1997. I dei fire første månadene i år har veksten i talet på passasjerar vore 3,7 pst. samanlikna med den same perioden i fjor.

Oslo lufthavn Gardermoen vart som planlagt teken i bruk som hovudflyplass for Oslo og Austlandet i oktober 1998. I tida etter opninga har Flytoget hatt ein marknadsdel på mellom 35 og 40 pst. av flypassasjerane. I samband med den offisielle opninga av Romeriksporten i august 1999 vart kapasiteten auka med om lag 40 pst. og reisetida redusert frå 33 til 19 minutt mellom Gardermoen og Oslo S.

Overskottet i Luftfartsverket var i fjor 890 mill. kr. Det er ein nedgang på 12,0 pst. frå 1997. Det vart inves-

tert for i alt 867 mill. kr i flyplassnettet utanom hovudflyplassen på Gardermoen.

Frå juli 1999 vart særlovselskapet NSB BA og Jernbanelverket skilde organisatorisk ved at dei to einingane ikkje lenger har same administrerande direktør. Styret for Jernbanelverket vart avvikla frå same dato.

Det er for 1999 løyvt 310 mill. kr til investeringstiltak i kjørevegen for å leggje til rette for bruk av krengetog på Bergensbanen, Sørlandsbanen og Dovrebanen.

Posten Noreg BA hadde i fjor ei samla omsetning på vel 12 milliardar kr. Resultatet før skatt var eit overskott på 538 mill. kr.

Postbanken BA var gjord om til aksjeselskap i juni 1999. Dei styrande organa i selskapet har dessutan vedteke å gå inn for fusjon mellom Den norske Bank ASA og Postbanken AS. Saka er no til konsesjonsbehandling.

I telemarknaden er det innført fast operatørforval (dvs. fast val av annan operatør enn Telenor AS) og nummerportabilitet (dvs. at telefonnummer kan flyttast mellom operatørar) frå 1. juni 1999. Det er også gjennomført konkurransestimulerande tiltak på nettsida ved at andre aktørar har fått utvida tilgang til nettressursane til Telenor.

Gjennom avtala om å slå saman Telenor og Telia er grunnen lagd for å kunne etablere eit sterkt nordisk konsern. Samanslåinga vil gje selskapet forretningsfordelar, auka konkurransekraft, større verdiar for eigarane og betre moglegheiter for ekspansjon og verdiskaping i den internasjonale telemarknaden. Det nye selskapet skal delprivatiserast og børsnoterast seinast innan utgangen av 2000. Samanslåinga og delprivatiseringa medfører ikkje endringar i omfanget av pålagde samfunnsforpliktingar. Sjølve samanslåinga vil skje etter at konkurransemyndighetene i EU har handsama saka.

Staten, Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag vart i perioden samde om ny jordbruksavtale.

Staten og Norske Reindriftssamers Landsforbund vart samde om ny reindrifftsavtale. Avtala inneheld ein ny strategi for å få ned talet på rein i dei distrikta der det er misforhold mellom reinteral og beiteressursar.

Regjeringa la i desember fram ei stortingsmelding om skogpolitikken. Bruttoproduksjonsverdien frå skogbruk og trebrukande industri er nær 40 milliardar kr, og det blir årleg eksportert treprodukt for om lag 15 milliardar kr.

Som følgje av den reviderte veterinæravtala er det no i gang nærare 20 overvåkingsprogram for sjukdommar blant levande dyr. Det er ikkje påvist nye tilfelle i nemnande omfang av dei alvorlegaste dyresjukdommane i Noreg. Talet på nye tilfelle av skrapesjuka er framleis lågt, medan talet på tilfelle av infeksjøs lakseanemi har auka noko. Bruken av antibiotika i oppdretts- og husdyrnæringa går framleis nedover. Ein arbeider med tiltak mot parasitten *gyrodactylus salaris*, som framleis er ein alvorleg trussel mot villaksen.

Ressurssituasjonen nord for 62 gradar er framleis god for norsk vårgytande sild, men noko svekt for torsk og hyse. Loddebestanden har teke seg opp, og det har vore eit lite, men lønnsamt fiske i år. Blåkveitebestanden er

framleis rekna for å vere under sikre biologiske grenser. Rekebestanden er rekna for å vere innanfor sikre biologiske grenser. Makrellbestanden er framleis på eit relativt lågt nivå, men han er i vekst som følgje av ein felles forvaltningsstrategi mellom Noreg og EU. Bestanden for nordsjøild har betra seg som følgje av ein fleirårig forvaltningsstrategi som Noreg og EU er einige om. Når det gjeld torsk, hyse, sei og makrell i Nordsjøen, er det i gang eit samarbeid med EU om å utvikle forvaltningsstrategiar for desse bestandane.

I forhandlingar mellom staten og Norges Fiskarlag hausten 1998 om støttemidlar til fiskerieringa vart avtalepartane einige.

Lønnsoppgjera i 1999 galdt i hovudsak revisjon for andre avtaleår, der også etter- og vidareutdanningsreforma var tema. Partane i privat sektor har i hovudsak vorte samde om nye avtaler gjennom forhandlingar og mekling.

I offentlig sektor der oppgjera blir gjennomførte sentralt, vart partane i staten samde i forhandlingane. I kommunesektoren vart det semje gjennom forhandlingar med Akademikerne, medan oppgjeret med dei andre organisasjonane gjekk til mekling. Riksmeklingsmannen kom 20. mai med framlegg til løysing som vart godteke av partane.

I drøftingane i år om pensjonsreguleringa i folketrygda vart det ikkje semje mellom staten og organisasjonane til dei trygda. Etter framlegg frå Regjeringa vedtok Stortinget å auke grunnbeløpet med 1 580 kr frå 1. mai 1999. Minstepensjonen er etter dette 84 204 kr pr. år for einslege og 144 912 kr pr. år for ektepar.

Staten og Kommunenes Sentralforbund vart i juni einige med Den norske lægeforening, Norske Fysioterapeuters Forbund og Norsk Psykologforening om nye avtaler om driftstilskott og takstar for drift av privat praksis som har avtale med kommunar og fylkeskommunar frå 1. juli 1999.

Gjennom prosjektet Kvinner, kvalitet og kompetanse i staten (KKS) arbeider Regjeringa for at statsforvaltninga i aukande grad tek i bruk den kompetansen kvinner har, på leiarnivå. Første oppteljing viser at kvinnedelen av leiarar i statleg sektor har auka frå 22 pst. i 1997 til 26 pst. pr. 1. januar 1999. Målet er 30 pst. innan 1. januar 2002.

Regjeringa la i mai fram ein odelstingsproposisjon med framlegg om å forenkle lovgrunnlaget for arbeidsformidling og arbeidsleige.

Det er i april fremja framlegg om nye utrekningsreglar for attføringspengar og rehabiliteringspengar.

Regjeringa har lagt fram ei stortingsmelding om ny strategi for Statsbygg og om å opprette Statens utleigebygg AS.

Konkurransemyndighetene utførte i 1998 i alt 214 kontrollar for å sjå til at konkurranselova blir etterlevd, og dei behandla 52 saker i samband med avtaler eller tiltak med konkurransekadeleg åtfærd. Same året vart det behandla 131 søknader om dispensasjon frå forboda i konkurranselova, og av dei vart 70 innvilga. Mange av dispensasjonane vart gjevne for å stimulere konkurransen. Det var 965 saker som galdt overtaking av bedrifter.

Det vart gjennomført i alt 2 586 kontrollar av om prismerkingsføresegnene blir følgde, noko som førte til 1 075 innskjerpingar av føresegnene. I alt gjennomførte konkurransemyndighetene sju prisundersøkingar dette året.

For å medverke til at kredittlivet skal fungere godt og til å styrkje stillinga til låntakarane og forbrukarane er det lagt fram ein odelstingsproposisjon om lov om finansavtaler og finansoppdrag.

For å styrkje personvernet har Regjeringa lagt fram ein proposisjon om lov om personopplysningar.

Regjeringa har lagt fram lovproposisjonar om utvida høve til å inndra utbytte og om etterforskningsmetodar, særleg med sikte på å effektivisere kampen mot økonomisk og organisert kriminalitet.

Stortinget har vedteke å opprette ei klagenemnd for utlendingssaker. Nemnda skal behandle alle klager over vedtak i saker etter utlendingsslova, som i dag blir behandla i Justisdepartementet.

Regjeringa har sett i verk tiltak for å styrkje den lokale samordninga for å førebygge og finne hjelperåder mot kriminaliteten blant barn og unge. Regjeringa har styrkt arbeidet mot valdskriminalitet, og ein handlingsplan mot tvangsekteskap var ferdig i desember 1998.

Utbetalingane i det individuelle oppgjeret etter den økonomiske likvidasjonen av den jødiske minoriteten under Den andre verdskrigen er påbegynt.

Grunnsteinen til eit eige bygg for Sametinget i Karasjok vart lagd ned 2. juni. Den plassen Sametinget har i samfunnslivet, blir stadig styrkt og utvikla ved at Sametinget får overført ansvar for forvaltning av ordningar og tiltak retta mot samiske målgrupper. Sametinget får frå 1999 løyvinga si på ein post, og får på denne måten eit sjølvstendig ansvar for prioriteringa av ressursane innanfor eiga budsjettamme. Europarådets konvensjon om vern av nasjonale minoritetar er ratifisert.

I det siste halvåret av 1998 og så langt i 1999 har det komme etter måten mange asylsøkjjarar til Noreg samanlikna med perioden 1994-1997. Tilstrøyminga av asylsøkjjarar heng direkte saman med situasjonen ute i verda. Hovudtyngda av asylsøkjjarar det siste året har komme frå Irak, Jugoslavia og Somalia.

Noreg har sendt over den 15. rapporten sin til FNs rasediskrimineringskomité, der det framgår at omfanget av rasistiske og diskriminerande hendingar har gått ned.

Bruk av ftalat i leiketøy og ei rekkje småbarnsprodukt har vorte forbode. Ftalat er kjemikaliar som kan vere kreftframkallande og skade forplantningsevna.

I forvaltninga av dei store rovdyra har Regjeringa lagt stor vekt på konfliktdempande tiltak og nær kontakt med kommunar og andre partar det vedkjem lokalt. Det er gjevne løyve til å felle dyr som valdar omfattande skade på bufe eller tamrein. I tillegg er det gjennomført lisensjakt på jerv og ordinær jakt på gaupe. Løyvingane til skadeførebygging, omstilling og overvaking av bestandane er auka monaleg dei siste par åra. Det pågår forsøk med delegering av avgjerdsrett til lokalt nivå. Ein lovproposisjon om endringar i viltlova, som m.a. gjev lovheimel for retten til rovvilterstatning, er vedteken i Stortinget.

Meir enn 120 kommunar har slutta seg til Fredrikstad-erklæringa om Lokal Agenda 21. For planlegginga i kommunane vil det seie auka satsing på lokal mobilisering og deltaking i utviklinga av eige lokalsamfunn i berekraftig retning.

Regjeringa har lagt fram ei stortingsmelding om vern og bruk av kystsona. Meldinga drøftar tilhøvet mellom verneinteresser og verksemda til fiskerinæringa i kystsona. Eit framlegg til regulering av bruken av vass-skutarar er lagt fram.

Regjeringa har også lagt fram ein lovproposisjon om endringar i kulturminnelova, som vil medverke til å styrkje vernet av verdifulle kulturminne. Eit offentleg utval som skal greie ut om mål, strategiar og verkemiddel innanfor kulturminneforvaltninga, er oppnemnt av Regjeringa.

Hausten 1998 oppnemnde Regjeringa eit utval som skal greie ut om eit nasjonalt kvotesystem for klimagasar. For å sikre at kvotesystemet blir utforma i aktiv dialog med dei samfunnsinteressene det gjeld, er det oppnemnt ei breitt samansett referansegruppe med representantar for m.a. arbeids- og næringsliv og miljøvernorganisasjonane. Utvalet skal leggje fram innstilling før årsskiftet.

Det er innført mellombels forbod mot nyetablering og utviding av større kjøpesenter utanfor sentrale delar av byar og tettstader.

Ein divisjon i Statens kartverk, som har bygd opp ein unik kompetanse innanfor produksjon, distribusjon og forvaltning av autoriserte elektroniske sjøkart, er skild ut som eit statleg aksjeselskap ECC (Electronic Chart Centre). ECC as skal stå for drifta av Primar, som er eit samarbeid med det britiske og ti andre europeiske sjøkartverk om produksjon, forvaltning og leveranse av saumlause autoriserte elektroniske navigasjonskart til skipstrafikken.

Regjeringa har styrkt arbeidet med å sikre ungdom større deltaking i og innverknad på samfunnsutviklinga gjennom etableringa av Ungdommens demokratiforum.

Regjeringa sette i 1998 i gang Utviklingsprogram for styrking av oppvekstmiljøet. Målet er å styrkje og utvikle vidare dei lokale oppvekstmiljøa gjennom eit breitt samarbeid mellom offentlege og frivillige krefter.

Det er utarbeidd eit høyringsnotat med framlegg til endringar i barnebidragsregelverket. Eit offentleg utval har gjort framlegg om nye saksbehandlingsreglar ved barnefordelingssaker, og gjort framlegg til forbetringar i meklingsordninga etter ekteskapslova og barnelova.

I mai la Regjeringa fram ei likestillingspolitisk utgreiing med ei grundig gjennomgåing av utviklinga på området og utfordringane for politikken framover.

Regjeringa har lagt fram ei stortingsmelding om forbrukarpolitikk og organisering av forbrukarapparatet.

1999 er FN's internasjonale eldreår. Den nasjonale komiteen blir leidd av sosialministeren. Året har til no vore prega av mange lokale aktivitetar på tvers av generasjonane.

Nytt lovverk om rettar for og avgrensing og kontroll med bruk av tvang overfor enkelte personar med psykisk utviklingshemming vart sett i verk 1. januar 1999.

Regjeringa har lagt fram ei stortingsmelding om handlingsplan for funksjonshemma 1998–2001. Meldinga vart drøfta i vårsesjonen. For å følgje opp dette vart det i vår oppnemnt eit offentleg utval som skal vurdere ulike strategiar og verkemiddel som skal fremje målet om full deltaking og likestilling for funksjonshemma.

Regjeringa la i desember 1998 fram St.meld. nr. 21 for 1998-99, Ansvar og meistring. Mot ein heilskapleg rehabiliteringspolitikk. Meldinga dreg opp rammer og strategiar på rehabiliteringsfeltet med vekt på brukarperspektivet og på rehabilitering i kommunane.

Regjeringa har lagt fram ein proposisjon til ny lov om strålevern. Det er lagt fram ei folkehelsepolitisk utgreiing for Stortinget. Regjeringa har fått utarbeidd ein tverrfagleg plan for å motverke antibiotikaresistens. Med grunnlag i denne planen er det oppretta eit overvakingssystem for antibiotikaresistens.

Det er utarbeidd ein nasjonal strategiplan for å førebyggje tobakksskadar. Regjeringa har som mål å redusere tobakksbruken i Noreg, gjere barn og unge røykfrie og styrkje vernet mot passiv røyking.

Regjeringa kom rett før jul 1998 med framlegg til ny apoteklov. Lovframlegget legg opp til at det skal bli lettare å etablere nye apotek.

For å kunne realisere dei store satsingane innanfor eldreomsorg, psykisk helse og kreft er det laga ein eigen helsepersonellplan for perioden 1998–2001. Planen omfattar m.a. tilskott til kommunesektoren på grunnlag av dei kommunale opplæringsplanane.

For kort tid sidan vart odelstingsproposisjonen om fastlegeordning for alle innbyggjarane i landet lagd fram for Stortinget. Ein gjer her framlegg om å heimle ordninga gjennom nye føresegner i kommunehelsetenestelova og innføre ho frå januar 2001.

Etter ønske frå Stortinget vart det sett ned eit utval som skulle greie ut om ulike sider ved alternativ medisin. Utgreiinga låg føre ved årsskiftet og har vore ute på høyring.

Opplæringslova som gjeld for grunnskolen og den vidaregåande opplæringa, tok til å gjelde i august i år.

Regjeringa har lagt fram ei stortingsmelding om morsmålsopplæringa i grunnskolen. Det blir lagt vekt på at morsmålsopplæringa skal ha nær samanheng med resten av opplæringa.

Stortingsmeldinga om vidaregåande opplæring, som gjev ei oppsummering og status etter dei første fire åra med Reform 94, vart lagd fram i vår. Ut frå evalueringa ser Regjeringa behov for å komme vidare med differensiering og yrkesretting i opplæringa. Det er sett i gang eit arbeid med å vurdere behovet for vidaregåande opplæring for vaksne.

Regjeringa oppnemnde Forum for kompetanseutvikling i mai. Forumet er samansett av representantar for partane i arbeidslivet, sentrale utdanningstilbydarar og 10 departement og vil vere ein viktig arena for det vidare arbeidet med å realisere kompetansereforma.

Det er også oppnemnt eit offentleg utval som skal vurdere opplæring som ikkje kjem inn under opplæringslova, universitets- og høgskolelova eller privathøgskolelova (mellomnivået).



Med verknad frå 1. juli 1999 kan kundar i Statens lånekasse for utdanning binde renta på studielånet. Av dei 320 000 kundane i Lånekassen som fekk tilbod om å inngå kontrakt om fast rente, har over 210 000 bunde renta.

Det er oppnemnt eit utval som skal gå igjennom reglane for utdanningsfinansiering gjennom Statens lånekasse for utdanning. Utvalet skal leggje fram innstilling innan 1. november 1999.

Regjeringa har vidare sett ned eit offentleg utval som skal vurdere behovet for endringar i universitets- og høgskolesektoren etter år 2000. Utvalet, som har representantar frå ulike samfunnsområde, er bede om å sjå spesielt på kvalitetsfremjande tiltak, både innanfor utdanning og forskning.

I 1998 tok 685 personar doktorgraden ved norske universitet og vitenskaplege høgskolar. Det er 60 fleire enn i 1997. 32 pst. av dei som tok doktorgraden, var kvinner.

Medisinsk og naturvitenskapleg grunnforskning over budsjetten til Noregs forskingsråd er styrkt i 1999. Basisløyvingane til dei regionale forskingsinstitutta er auka monaleg i 1999.

Eit utval som skal vurdere tiltak for å fremje forskning i bedriftene og auke privat finansiering av forskning, vart oppnemnt i vår og skal leggje fram innstilling innan mars 2000.

Regjeringa har i perioden oppnemnt eit norsk teknologiråd. Hovudoppgåva til rådet er å setje i verk utgreiingar om moglegheiter for og konsekvensar av ny teknologi, både for samfunnet og for den enkelte borgar.

Det er også oppnemnt eit offentleg utval som skal greie ut om dei rettslege, organisatoriske og økonomiske sidene ved dåpsopløringa i Den norske kyrkja. Utvalet skal leggje fram utgreinga si innan 1. september 2000.

Ny arkitektlov med forskrift tok til å gjelde 1. januar 1999.

Nasjonalbiblioteket kom frå 1. januar 1999 i drift som ein einskapleg institusjon ved at nasjonalbibliotekfunksjonane ved Universitetet i Oslo vart overførte til Nasjonalbiblioteket.

Stortinget har slutta seg til framlegget frå Regjeringa om å forby reklame for politiske parti og for livssyn i fjernsyn og å tillate slik reklame i radio.

Det er gjort framlegg til innstrammingar i reglane om sponning av kringkastingsprogram og ei klagjering av rammene for verksemda i Norsk rikskringkasting.

I samsvar med ønske frå Stortinget er det sett ned eit eige utval som skal vurdere pressestøtta i lys av alle relevante rammevilkår.

Løyvinga som er vedteken til tusenårsstader i kommunane, er fordelt med like stor sum – 119 500 kr – til kvar kommune.

Nasjonalanlegg for fotball og skiflyging som tilfredstil-ler både idrettslege omsyn og samfunnsomsyn, er valde.

I 1999 utgjorde den delen av overskottet i Norsk Tipping AS som gjekk til idrettsformål, 667 mill. kr. Av det vart 365,2 mill. kr sett av til idrettsanlegg, 267,8 mill. kr til Norges Idrettsforbund og Olympiske Komité og 33,9 mill. kr til andre idrettsformål.

**Presidenten** mottok på Stortingets vegne de oppleste dokumenter og uttalte:

Deres Majesteter, Deres Kongelige Høyhet!

Det 144. Storting, som Deres Majestet i dag har åpnet, går til sin ansvarsfulle gjerning i en tid hvor verden fortsatt preges av flere alvorlige konflikter. I Kosovo er tragediens første, men forhåpentligvis verste, kapittel tilendebrakt. Norske soldaters deltakelse i den vanskelige oppgaven KFOR-styrken står oppe i, gjør selvfølgelig at vi følger utviklingen med spesiell årvåkenhet. Situasjonen på Balkan er eksplosiv og stiller det internasjonale samfunn overfor store utfordringer. Det samme er tilfellet i Øst-Timor, hvor befolkningen også er påført ufattelige lidelser. Videre gir situasjonen i Kaukasus grunn til dyp bekymring. Det er derfor viktig at vi nå ved inngangen til et nytt årtusen gir høy prioritet til arbeidet for fred, menneskerettigheter og utjamning mellom verdens folk. I min tale ved Stortingets åpning i 1995 uttalte jeg at kampen for fred er en vedvarende prosess, som stadig må vinnes på ny, og at denne kampen neppe vil lykkes så lenge mennesker lever under uverdige forhold. Trontalen bærer bud om et fortsatt sterkt norsk engasjement på dette området.

En annen viktig utfordring som vi kontinuerlig konfronteres med, er arbeidet med de globale miljøproblemer. Virkemidlene kan det her, som på andre områder, herske uenighet om, men målene vil de fleste av oss kunne enes om. At arbeidet på lang sikt nytter, kan det ikke herske tvil om. Den dramatiske reduksjonen av svovelnedfallet over Sør-Norge er et eksempel på at det nytter.

Arbeidet med å opprettholde sysselsettingen vil stå sentralt i Stortingets arbeid kommende år. Utfordringene spenner fra å sikre en fremtid for verftsindustrien til strukturendringer innen bank og forsikring, gjennomgang av forvaltningssystemet for våre olje- og gassressurser og å sikre primærnæringene en bærekraftig utvikling. Videre oppfølging av satsingen innen helse- og omsorgssektoren vil stille store krav, likeså arbeidet med kvalitetsutvikling innenfor skole, utdanning og forskning. Kampen mot organisert kriminalitet og volds- og vinningsforbrytelser vil dessverre også fortsatt måtte kreve mye av vår oppmerksomhet.

En viktig spørsmålsstilling som jeg regner med at Stortinget vil engasjere seg i, er hvordan vi skal kunne stimulere til bredere interesse for og deltakelse i politisk virksomhet. Høstens lave valgdeltakelse gir grunn til alvorlig bekymring. I sin ytterste konsekvens er det grunnlaget for vårt folkestyre som står på spill.

Ved behandlingen av de enkelte saker vil det selvsagt være ulik oppfatning blant representantene om hvilke tiltak som er best egnet til å løse utfordringene i et nytt århundre/årtusen. Meningsbrytning er et sunnhetstrekk ved demokratiet og en vesentlig faktor i et samfunn som ønsker en folkestyrt utvikling. Jeg føler meg trygg på at Stortingets arbeid skal være til gagn for folk og land og – i tråd med våre beste tradisjoner – bidra til en positiv utvikling også for mennesker i de deler av verden der ufred, undertrykkelse og nød hersker.

I forvissning om at representantene vil gjøre sitt ytterste for å løse de mange og store oppgaver som ligger foran oss, samler vi oss i det gamle ønske:

Gud bevare Kongen og fedrelandet!

Stortingets øvrige medlemmer istemte dette ønsket, og alle de tilstedeværende sang deretter første vers av fedrelandssangen, «Ja, vi elsker».

Hans Majestet Kongen, Hennes Majestet Dronningen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen med følge forlot

deretter stortingssalen, ledsaget av den deputasjon som hadde fungert ved mottakelsen.

**Presidenten:** Presidenten vil foreslå at Hans Majestet Kongens tale og beretningen om rikets tilstand og bestyrelse utlegges for å behandles i et senere møte – og anser det for vedtatt.

Møtet hevet kl. 13.45.

---